

Kunnskapsdepartementet

Deira referanse:  
200702243-/IJC

Vår dato:  
10. desember 2007

Vår referanse:  
2007/2822

Vår saksbehandlar:  
Karoline Opsal Marøy

## **Høyring – forslag til endring av opplæringslova og privatskulelova**

Elevorganisasjonen avgjer med dette sitt høyringssvar på forslag til endringar i opplæringslova og privatskulelova. Høyringssvaret har tatt utgangspunkt i Elevorganisasjonen sitt politiske måldokument.

### **Andre punkt, rett til vidaregåande opplæring**

Det er viktig at vaksenretten gjer det mogleg for fleire vaksne å gjennomføre vidaregåande opplæring og at tilbodet er tilrettelagt slik at dette er attraktivt for vaksne som ikkje allereie har gjennomført vidaregåande opplæring. Dersom det skal vere mogleg for ungdom under 25 å søkje seg til vaksenrett må det komme klart fram av lovteksten på kva grunnlag ein kan søkje seg til vaksenretten.

Dersom forslaget vil ha ei meirutgift på om lag 50 millionar kroner er det viktig at desse midlane blir gitt fylkeskommunen slik at tilbode om vaksenopplæring ikkje går utover andre viktige tiltak i skulen. Desse midla bør vere øremerka, slik at ein sikrar at midlane går dit dei skal.

### **Tredje punkt, tilpassa opplæring og spesialundervisning**

Elevorganisasjonen støtter ikkje forslaget om å flytte tilpassa opplæring under spesialundervisning. Tilpassa opplæring er eit viktig verktøy for alle elevar, lærlingar lære kandidatlar for å gi dei ei best mogleg opplæring og eit best mogleg læringsutbytte. I tillegg er tilpassa opplæring ein viktig motivasjonsfaktor som sett fokus på den enkelte elev, lærlingen eller lære kandidaten sine føresetnadar, ynskjer og behov.

Tilpassa opplæring skal vere ein naturleg del av opplæringa, noko som er viktig for at elevar både skal lære dei grunnleggjande ferdigheitene og tileigne seg så mykje kunnskap som eleven har føresetnadar for. Internasjonale undersøkingar som PISA og PIRLS viser at vi frontar mange store utfordringar. I arbeidet med desse utfordringane er det viktig at skulen satsar på tilpassa opplæring som eit viktig verktøy. Ved å plassere tilpassa opplæring saman med spesialundervisning vil statusen til tilpassa opplæring som eit læringsverktøy for alle elevar svekkast.

Det er naudsynt at forskrifta sett fokus på tilpassa opplæring som læringsverktøy og ikkje sett den i samanheng med spesialundervisning. Det er viktig at eleven får ei best mogleg opplæring, og ved å setje spesialundervisning i sterk tilknytning til tilpassa opplæring er Elevorganisasjonen redd for at retten til tilpassa opplæring i mykje større grad fell vekk.

#### **Fjerde punkt, særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring**

For at minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring skal få ei god opplæring, er det naudsynt med ei god morsmålsopplæring. Det er viktig at kommunen og fylkeskommunen ser til at denne opplæringa skjer på skulen eleven går ved. Det at elevar må reise langt for å få ei tilfredsstillande opplæring er svært uheldig for eleven, det bør difor så langt det er mogleg, unngåast.

Leseundersøkingar visar at minoritetsspråklige elevar stillar svakare enn etnisk norske elevar. Fordi evna til å lese og forstå språk er grunnleggjande for elevens moglegheit til å hevde seg i andre fag, er det særskild viktig at alle elevar lykkast på dette punktet i skulen. Dersom elevane sjølv må reise langt for å få ein god språkopplæring fryktar Elevorganisasjonen at dette vil føre til lavare motivasjon hos elevar som treng det mest.

#### **Femte punkt, mandatet til FUG**

Elevorganisasjonen er positiv til å utvide mandatet til FUG for å gjelde første år på vidaregåande skule. For mange er det ein stor omstillingsprosess å gå fra ungdomsskulen og til vidaregåande skule. Elevorganisasjonen håper eit større mandat for FUG vil gjøre denne overgangen enklare.

Dersom utvalet sitt mandat skal utvidast bør medlemmane auke kompetansen på vidaregåande opplæring. Dei får og fleire oppgåver dersom dei på ein god måte skal ivareta den nye oppgåva. Elevorganisasjonen meiner difor det er naturleg å utvide utvalet sitt antal medlemmar og auke dei finansielle rammene.

Når utvalet sitt mandat utvidas vil det gi foreldrane ein ny rolle i den vidaregåande opplæringa, om enn ikkje anna enn på første året. Elevorganisasjonen ynskjer i den samanheng å understreke at foreldras auka innflytning ikkje må gå utover elevanes rett til medbestemming.

Med vennlig hilsen

Vibeke Mohn Herberg  
leder

Cathrine Karlson  
politisk nestleder



